

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	9.3.11	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Per Dale, Anne Karin Buene, Osvald Turlid, Olav Grønsberg
(Bente Steine hadde forfall).

**Vara-
medlemar** Gunnar Skahjem.

Andre Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

5/11, 6/11, 7/11, 8/11.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 5/11. Referat og meldingar

- 1) Møtebok frå fjellstyremøte den 15.2.11
- 2) Utbetaling av tilskot frå Norsk Kulturminnefond
- 3) E-co Vannkraft AS – melding om større vedlikehaldsarbeid på vasstunnellar i områda ved Vestredalen – Svartavatnet og Fossane – Langavatnet
- 4) Invitasjon til vårmøte Hardangervidda 1.-2. april
Merknad: Harald Skjerdal og/eller Per Dale vert påmeld møtet den 1.-2. april.
- 5) Tilbod om ekstra profilering av fiskesider på nettstaden inatur.no
- 6) Innlegging av hytta i Håbergsholene som tilbod på inatur.no?
Merknad: Fjellstyret ynskjer å leggja ut dette tilbodet på nettstaden inatur.
- 7) Kjøp av isbor (2 stk.)
- 8) Kjøp av biltilhengar
- 9) Kjøp av skuterkjelke
- 10) Årsmøte for Aurland Setjefisk BA vert tysdag den 29. mars.
- 11) Neste møte i fjellstyret vert onsdag den 13. april.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/11. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2011-2014

Saksutgreiing med innkomne høringsuttalar, og utkast til forvaltingsplan låg føre.

Handsaming i møtet

Under avsnittet "Rutinar for tildeling av fellingsløyve" vil fjellstyret ha inn nokre endringar: Siste kulepunkt på s. 19 vert endra til: "Det vert normalt tildelt eitt fellingsløyve pr. jeger, men dette kan vurderast kvart år i høve til storleiken på fellingskvoten." I siste kulepunkt på s. 20 vil fjellstyret ta inn ei presisering av at teksten i dette punktet no erstattar vedtak i sak 38/02.

Samrøystes vedtak:

Forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning for 2011-2014 vert vedteken med følgjande endringar:

Kap. 1.13. Fjellstyret si rolle i forvaltinga

Setninga "Statskog står og for forvaltinga av hjort- og elgjakta" vert stroken. I staden vert denne jakta teken med under bruksrettar som vert forvalta av fjellstyret.

Kap. 1.14. Oppsynsordning og administrasjon

Siste setning vert endra til: "I samsvar med fjellova får fjellstyret refundert frå staten (over LMD sitt budsjett) inntil 50 % av lønsutgiftene i samband med oppsyn og drift av statsallmenningen.

Kap. 3.1. Moglege framtidige ynske om areal for utbygging:

Siste avsnitt vert endra til: "Pr. i dag føreligg det ingen konkrete søknader om utbygging innan nokon av felta som er nemnde ovanfor innanfor statsallmenningen, men det er kjent at E-CO Vannkraft har planar som m.a. inneber eit nytt pumpekraftverk ved Vestredalsdammen, for å utnytta fallet frå Svartavatnet. Ei eventuell utbygging her kan først skje etter konsesjonshandsaming."

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/11, framhald:

Kap. 4.1. Fiske og fiskestell, overvaking av tilstanden i fiskevatna

Følgjande tilleggspunkt vert teke med: "Fylkesmannen utfører med jamne mellomrom prøvefiske i dei regulerte vatna i Aurland, finansiert av regulanten. Fjellstyret vil framleis bidra med oppdatert informasjon om fiskeutsetjingar og fangststatistikk i samband med dette."

Kap.4.2. Småvilt

Ny siste setning under avsnittet Jaktreglar: Fjellstyret vil ta meir aktivt i bruk iNatur sitt system for fangstrapportering, ved å ta direkte kontakt med dei som kjøper kort her med oppmoding om å senda fangstrapport."

Nytt punkt under avsnittet Viltstell: "Fjellstyret vil vurdere følgjande tiltak for å auka uttaket av raudrev:

- Økonomisk deltaking i skotpremieordning.
- Tilrettelagt opplegg for åtejakt på raudrev i allmenningen.
- Skipa til kurs i jakt på raudrev og andre små rovdyr.

Kap. 4.3. Villreinforvaltning:

Under avsnittet *Rutinar for tildelinga av fellingsløyve* vert det følgjande ny tekst i 3. kulepunkt:

- Det vert normalt tildelt 1 fellingsløyve pr. jeger, men dette kan vurderast kvart år i høve til storleiken på fellingskvoten.

Aurland, den 10.3.11

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/11, framhald:

Det vert følgjande tekst i 5. kulepunkt:

- Fjellstyret kan godkjenna jaktlag med inntil 3 deltakarar. Det vert ikkje stilt krav om at alle er tildelt statsallmenningskort, men det vert kravd at den eller dei som fellingsløyva er utskrivne på skal vera med under utøvinga av jakta der korta vert brukte (jfr. DN-forskrift om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning, revidert i februar 2011). Det er høve til å få registrert jaktlag både før og under jakta.

Det vert følgjande tekst i 9. (siste) kulepunkt:

- Fjellstyret opnar for at innanbygdsbuande jegerar kan jakta i Aurland statsallmenning med fellingsløyve som dei har skaffa seg i andre vald i Nordfjella på følgjande vilkår (teksten her erstattar vedtak i sak 38/02):
 - Maks 2 fellingsløyve pr. jeger
 - I samråd med grunneigarlaget for villreinvald kan det krevjast inn ei avgift for kvart overført kort. Denne avgifta kan fastsetjast ut frå den meirverdien som tilgang til jaktområdet gjev, i tillegg til å dekkja administrasjonskostnaden med ordninga.
 - Fjellstyret kan vedta at avtalen gjeld for eit avgrensa tidsrom og eit avgrensa område.

Aurland, den 10.3.11

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/11, framhald:

Kap. 4.6. Hytter og andre fysiske tiltak

Kapitlet får ny overskrift: *Hytter, kraftutbygging og andre fysiske tiltak*. Det vert teke inn eit nytt avsnitt om kraftutbygging: "Ved ein eventuell konsesjonsprosess for ny kraftutbygging i allmenningen (sjå omtale under kap. 3.1.) vil fjellstyret leggja vekt på å få tiltaka så lite skjemmaende som mogleg i landskapet, i tillegg til at omsynet til minstevassføring i vassdraget, og omsynet til fisk og vilt, vert ivareteke."

I tillegg til endringane ovanfor, vert alle statistikkar og tabellar over kortsal, fellingsresultat og fangst i del 1 i planen oppdaterte med dei siste tala frå 2010-sesongen.

Sak 7/11. Nyval av representant til hjorteutvalet for Aurland

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Til å representera fjellstyret i hjorteutvalet for Aurland vel fjellstyret Håkon Øydvinn, med Olav Grønsberg som personleg vara.

Sak 8/11. Saker til årsmøtet for villreinutvalet for Nordfjella

Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Dei framlagde opplysningane vart tekne til vitande, utan at det vart gjort noko særskilt vedtak.

Aurland, den 10.3.11

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.

